

# HYRDINGEN

NR. 2

MARS 2016

ÅRGANG 58

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



*Sjå, eg gjer noko nytt.  
No spirer det fram.  
Merkar de det ikkje?  
Ja, eg legg veg i ørkenen,  
elvar i øydemarka.*

Jesaja 43,19

## God påske !

### Sideoversikt:

Presten har ordet .....	2	Første felles årsmøte .....	6	Kyrkjelege høgtider: Påske .....	10
Omleggingar i posten .....	2	Synfaring på kyrkjene .....	6	Sandeid sokneråd.....	11
Redaksjonspennen .....	3	Misjonshelg på Kyrkjetynet .....	7	Christian Stejskal i Vikebygd kyrkje. 11	
Min song .....	3	Pizzakveld i Skjold kyrkje.....	7	Gudstenester.....	12
Kyrkjenytt og årsmeldingar .....	3	Godhet i praksis .....	8	Frå kyrkjeboka .....	13
Ein Menneskerett .....	4	Nye i redaksjonen .....	8	Møter og kungjeringar .....	15
Solveig Eidhammer 100 år .....	6	Konfirmantar 2016 .....	9	Barnas side .....	16



#### **HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland  
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3201.53.18049  
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,  
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:**

##### **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedreliid, Eiotunet,  
Pb. 60, 5588 Ølen  
Tlf 53 65 65 41 Mob. 926 55 651  
Epost: johannes.nedreliid@  
vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tysd:10-12, Torsd: 14.30-16  
Fred: 10-12

##### **Soknepresten i Skjold**

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,  
Pb. 6, 5574 Skjold.  
Tlf. 53 65 57 94  
Mobil: 932 45 645  
jon.adnøy@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka  
Tlf. 53 65 57 96

##### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,  
Kyrkevegen, Pb. 40, 5583 Vikedal  
Mobil 413 25 280  
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

#### **Kateket Britt Karstensen**

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

#### **Organistar:**

Juri Kotkovich: 416 46 183  
Nelly Kotkovich: 948 23 044

#### **Haugaland prosti:**

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019

Prostiprest Eldbjørg Andreassen:  
Mobil: 952 46 234

#### **Kyrkjeverja i Vindafjord:**

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

#### **Soknerådsleiarar:**

Skjold og Vikebygd:  
Kari Synnøve Velde Haugen  
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes  
Sandeid: Tore Tokheim  
Vikedal: Andreas Andreassen  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vats: Grete Skeie Sørhus

## **Presten har ordet**

Av: Sokneprest Johannes Nedreliid



# **Bli ikkje trøytt av å gjere det gode**

Overskrifta er frå Bibelen og er ei av dei mange oppfordringane vi les der. Eg trur ho er viktig å stoppe opp for i desse dagar, med mange flyktningar og andre som har det vondt. Vi skal få vise godleik og nestekjærleik.

Det er også ei god påminning i fastetida som vi no lever i. Fastetida seier gjerne ikkje så mykje til oss i dag i vår kyrkje. Eg trur denne tida hadde meir betydning før. På mange måtar er det litt leit, for fastetida er ei fin tid til å stoppe opp og kunne utdjupe meir trua vår. Faste er gjerne for nokon krav om å avstå frå ting. Mat eller andre ting. Då er det godt å lese i kyrkja si historie og sjå at dette ikkje har vore det viktige. Krav og kva ein vil avstå frå har vore og er friviligt, alt etter korleis ein har det. Men hovedmålet er å kunne setje av litt meir tid til bibel og bøn, der vi får utdjupe meir Jesu sin kjærleik til deg, meg og alle menneske når han går mot Jerusalem den siste påska han levde på jorda.

Fastetida er også ei tid til å lære av Jesus og vise vår kjærleik til dei som er rundt oss, slik oppfordringa også lyder i overskrifta.

I konfirmantopplegget vi brukar er der ei fin forteljing om dette. Hendinga var lagt til dei store landbruksområda i Midtvesten. Der var

det ein bonde som dyrka mais. Han var flink og han hadde god mais år etter år. Der var ei tevling i delstaten om kven som hadde den beste maisen. Bonden leverte inn mais og han vann tevlinga år etter år. Det blei lagt merke til og etter at han hadde fått prisen endå eit år blei han intervjua av ein av dei lokale radiostasjonane. Dei ville vite kvar som var løyndomen bak suksessen. «Det er enkelt» sa bonden. Kvart år deler eg noko av såkornet med bøndene som bur rundt meg». «Hæ», kom det frå reporteren som nesten fekk hakkeslepp. «Gir du frå deg det beste trumfkortet?». «Ja», svara bonden, «for då har dei og godt såkorn. Hade de hatt därleg såkorn så spreidde pollen det därlege til mine åkrar, slik at min mais blei därleg».

Eg trur denne bonden hadde oppdagat noko svært viktig. Det å vere god og gjere godt, det gjorde godt for han sjølv og.

Bibelen har nokre flotte ord om dette når det lyser slik i det nye testamentet.

Til slutt, sysken: Alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, ja, alt som er til glede og alt som fortener ros, legg vinn på det.

## **Omleggingar i posten skaper problem!**

Av Steinar Skartland, redaktør

Kyrkjebladet Hyrdingen kjem seks gonger i året heim til alle Vindafjordingar i postkassen. Nå har posten gjort endringar i rutene som gjer at bladet må gå ut til alle i Aksdal, Grinde og Skjoldastraumen, for å kunne sendast med postbudet til dei som bur i Skjold krinsen. Dette medfører at Hyrdingen må trykke 500 ekstra blad og betale porto for desse. Ekstra kostnad vil vere 12-15.000 kr i året. Forhandlingar som trykkeriet

har hatt med posten har ikkje ført fram.

#### **Kva gjer vi nå?**

Kan det vere råd å gjere avtale med td. ei forening om å dele ut Hyrdingen i Skjold? Det kan bli vegen vi må gå. Saka er spelt inn både til soknerådet og til ordførar. Også kommunen vil få same utfordring når offentleg informasjon skal ut til innbyggjarane. Og tilsvarande vil informasjon som Tysvær sender ut hamna i Skjold.

# Redaksjons- PENNEN



Av: Hanne H. Brekke

Våren kjem oss i møte nå. Underfulle er Herrens gjerninger. Det er fascinerande å sjå at nytt liv spirar fram, år etter år. Gleda over å sjå at det grønkast i li er like stor, år etter år. Vinteren har vore over oss med sin kulde og sitt mørke. Men våren kjem.

Når du ser rundt deg, kjenner du på optimism eller pessimisme?

Gud er alltid noko meir og noko større enn det vi trur. Gud kan fortsatt overraska oss. Den heilage ande lever i og rundt oss. Den verkar i oss med si kraft. Dette betyr at Gud skaper, også i dag. At nye ting veks fram.

Det er ikkje det vi alltid har gjort, som nødvendigvis skal gjerast i dei dagane som ligge føre. Dette er det ikkje like lett å sjå, ta inn over seg, og forstå. Faktum er likevel at vi som einskildmenneske kan fremma endring og vekst, eller stå i vegen for endring og vekst.

I Jesaja 43, 19 står det: «Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar de det ikkje?» Desse orda skal få utfordra oss, samstundes som vi skal vi få kvila i dei. Vi skal få så og vatna, så skal vi få legge veksten over i Gud sine hender. I byrjinga kan det vere vanskeleg å sjå at det faktisk er noko nytt som spirar fram. Kan hende det spirar rundt føtene dine? Kan hende spira ligg under føtene dine? Kan hende du vil sjå det om du tar eit skritt til sida.

Våren er her og vitnar om nytt liv og nytt håp. Gud sov ikkje.



## MIN SONG

Av Marta Alida Urdal, Øvre Vats

• "Han tek ikkje glansen av livet", av Trygve Bjerkheim. Dette er ein av songane som har vore kjær for meg heile livet. Frå tidleg ungdom erfarte eg at livet med Jesus gav glede og fred. I motgang og medgang er Jesus den beste venen å ha. Å få syngja om Jesus gjer meg verkeleg glad. Eg har alltid likt å syngja og spesielt saman med andre. Eg har vore med i musikklag i Vats, og det var ei velsigna tid.

• Barneåra mine har eg hatt i Blakabygda, og eg kom tilbake med familie seinare og overtok heimegarden. Bedehuset har vore min andre heim, og eg har hatt barneforeining og søndagsskule i bygda. No er eg med i misjonsforeining og bibelgruppe. Eg har jobb som



sjukepleiar i kommunen og bur no på Knapphus saman med mannen, Arild Urdal.

Songen står på nr. 168 i songboka.

### Han tek ikkje glansen av livet

• Han tek ikkje glansen av livet,  
Den frelsar som kallar på deg.  
Fyrst då kan for alvor du leva,  
Når han får deg fylgja på veg.

• Han fører deg frelst over fjorden,  
Heilt fram til den himmelske strand.  
Når døden sin brotsjø du møter,  
Vil Jesus dra båten i land.

• Du høyrer dei dårande røyster,  
Som lovar deg gullglim og glans.  
Men ingen legg lys over vegen,  
Som Jesus og kjærleiken hans.

• Han tek ikkje glansen av livet,  
Han gyller din morgen og kveld.  
Og opnar ei dør til dei salar,  
Der æveleg høgtid du held.

• Han hjelper i brattaste bakkar,  
Og stør deg når vegen vert smal.  
Han signar dei sollyse sletter,  
Og lyser i døds-skuggens dal.

Tekst: Trygve Bjerkreim

## Kyrkjenytt og årsmeldingar

• Dei fleste sokneråda har nå hatt sine årsmøte og presentert eit flott og allsidig arbeid. Det kan ein lesa om i årsmeldingane. Men kor finn vi dei?

• Redaksjonen oppfordrar alle sokneråda til å senda inn årsmeldingane, så legg vi desse ut på web-sida for Hyrdingen, slik at alle kan lesa dei på: [www.hyrdingen.no](http://www.hyrdingen.no)



# Ein Menneskerett

Kjøkenet som lagar mat til borna

Av Anne Marie Reimers

**Det er mykje snakk om Menneskerettar i Norge. Eg har vore misjonær og lærar på Madagaskar i mange år. Då tenkte eg ikkje så mykje på dette å ha rett til skulegong.**

Me hadde alltid for mange elevar i klassane, etter norske forhold. 80-90 elevar i ein 2. klasse, med ein lærar. Det same talet i mest alle klassar fram til Ungdomsskulen. Dette var Den Lutherske kyrkja sin skule. altså ein privat-skule. På kyrkja sine skular måtte elevane betala månadlege skulepengar = lærarløningar. På statens skular betalar elevane eitt beløp ved skulestart, men elles ikkje anna enn

dei kladdebøkene dei treng i undervisninga til dagleg. Den Gassiske stat maktar ikkje å gi alle born skuletilbod, så difor er ikkje grunnskulen obligatorisk som her hjå oss. Difor har dei ulike kyrkjene sine skular + mange private skular. Dei som har brukbar økonomi, sender borna på skulen, men dei mange som lever av det dei dyrkar og har sjeldan pengar til noko anna, ser ikkje at skule er viktig.

Ei tid etter at eg vart pensjonert, vitja eg Madagaskar. Då budde eg hjå ei som hadde vore hushjelp hjå meg. Ho budde i utkante av Manakara, som er ein bra stor by. Dei fleste av borna i denne landsbyen, gjekk ikkje på skulen. Foreldra had-

de ikkje råd til det. Då slo det ned i meg at det er ein Menneskerett å få læra å lesa og skriva. Desse ville eg hjelpe så dei fekk gå på skulen. Pako, ho som hadde vore hushjelp mi, var viljig til å ta arbeidet med å få foreldra i tale, men også dei som var leiarar i landsbyen. Me fekk opp plakatar der me inviterte dei som hadde born i skulealder til å koma for innskriving. Me hadde fått tomt til skulehus. Borna skulle få eitt måltid mat om dagen.(UNICEF hadde oppfordra alle organisasjonar som starta skular i fattige land, om at skulekantine var ein viktig del av prosjektet).

Det var denne landsbyen eg ville hjelpa, men det kom jo mødrer frå



Skuleborna i klasserommet



Avslutning av skuledagen

byen som ynskte å få borna inn på denne skulen. Skulen var gratis og her skulle dei få mat kvar dag. Då såg eg kor heldig eg var som hadde ei som kjente borna og foreldra i denne landsbyen. Såleis så vart ikkje dette eit stort problem. Pako kjøpte inn materialar og mannofolka i landsbyen stilte opp og fekk huset reist. Ein flokk med damer tok ansvaret for maten til arbeidsgjengen. (Det er vanleg med dugnad når nokon skal ha seg eit nytt hus, på Madagaskar).

Dette første året fekk me borna inn på Statens skule. Eg betalte då for borna frå denne landsbyen. Maten fekk dei i det nye huset i landsbyen. Resultatet av dette skuleåret var så

dårleg at i 2011 vart me einige om å starta ein kristen privatskule i landsbyen. Me hadde ei brukbar tomt og me fekk ein pensjonert lærar som hadde arbeidd i Kyrkja sin skule i alle år. Han hadde papira som Statens folk måtte godkjenna for å få opna skulen. Sonen hans vart lærar for 1.klasse og ei dame tok seg av Barnehageklassen (3-5 år). Ei kokke i saman med eit par mødrer tok seg av maten. I 2015, hadde me ein liten klasse på 23 elevar som tok folkeskuleeksamen. 20 fekk diplomet, så det vart eit bra resultat. I år har me 5-års-jubileum for skulen. Me har 7 lærarar med godkjent utdanning, ei kokke og Pako som er administrerande sjef. Ein av lærarane er sku-

lestyrar, for Pako har ikkje pedagogisk utdanning. I år har me har 240 elevar.

Økonomisk ville eg ikkje greidd dette åleine. Men gode vene med syn for kor viktig skulegang er for eit U-land som Madagaskar, om dei skal koma seg opp å gå og verta sjølvhjelpe; så fekk eg det eg trøng for å koma i gang. Sidan har eg fått fast støtte frå ein rik misjonsven som ynskte at pengane hans skulle verta til hjelp og velsigning for nokon som trøng det. Det har vorte eit nytt liv i Tsararano etter at dei fekk denne skulen. (Tsararano = Godt vatn). Eg fekk gå i dei gjerningane som Gud hadde lagt ferdige for oss i Tsararano.



Skulen



Kanalen i Mankara



Biletet viser mottakinga av blomar på pensjonistforeininga.

## 100-års jubilant

Av: Trygve Sandvik, Øvre Vats

**Solveig Eidhammer fra Øvre Vats fylte 100 år den 5. mars.**

Gjennom livet har Solveig vore aktiv i så mange samanhengar. Fram til ho var fleire og 90 år var ho kasserar og medlem av skriftstyret for sogebladet Vindreet frå starten i 1992, og ho har blant anna skrive artiklar om gravferder og minne frå krigen. Ja, på siste årsmøte i Skjold og Vats sogelag 25. februar var også Solveig til stades, og då gjorde ho det kjent at på den planlagde 100 – års festen hennar, måtte ingen vera redd for å møta opp sjølv om dei var her på dette årsmøtet!

Det fer vida å rekna opp alt som Solveig har vore gjennom og interessert seg for i sitt hundreårige liv. Frå tidleg barndom i Øvre Vats med arbeid på garden og seinare meieriskule på Bryne og deretter eit langt yrkesliv ved Etne meieri, kom Solveig fast attende til Øvre Vats til ei stor og omsorgsfull slekt. Her fekk ho dyrka interessene sine, og her var plassen hennar.

Her i Hyrdingen vil me gjerne få trekka fram den sterke misjonsinteressa som Solveig har. Framleis er ho med i NMS si misjonsforeining, og dei få medlemene møtes heime hjå kvarandre kvar 14. dag. Både mor hennar og søstera Ingebjørg var med i foreininga.

Hyrdingen vil få gratulera Solveig så mykje med vel overstått 100 – års dag, og me vil få ønskja henne fleire gode år.

Solveig har i mange år vore ein trugen medlem i pensjonistlaget, og på foreininga sitt møte på Vindafjordhallen den 23. februar vart den komande hundreåringen heidra med blomar og fløytekake. Jørgen og Karin Landa hadde dikta song til Solveig.

# Første felles årsmøte Skjold og Vikebygd

Av Steinar Skartland

Stor aktivitet og god økonomi pregar årsmeldingane frå sokneråda i Skjold og Vikebygd. 25 deltok då dei i dette første felles årsmøtet, og for siste gong, presenterte kvar sine meldingar.

Ein flott og solrik søndag var ramma for familiegudstjenesta i Skjold kyrkje med barnekor, fire dåpar, kyrkjevandring, nattverd og kantoren ved flygelet. Kyrkja var fullsett av folk i alle aldrar, frå begge bygdene. Jon Ådnøy plukka opp både det eine og andre frå skattekista til hjelp med å illustrere preiketeksten om Josef som vart selv som slave og enda som mektig person i styringa av Egypt. Denne gudstenesta markerte også avslutning av dåpsskulen for seksåringane. Ein av mange gode aktivitetene som pregar kyrkjelydane som nå har prøveordning med felles sokneråd.

Årsmøtet etter gudstenesta samla ein mindre, men godt vaksen flokk. Leiar og nestleiar i det nye, felles soknerådet, presenterte to kyrkjelydar som har stor aktivitet for alle aldrar og ikkje minst eit levande trusopplæringsarbeid i samarbeid med dei frivillige organisasjonane. Begge rekneskapa syner overskot og driftsfond der ein har klart å setja av midlar til framtidig aktivitet. Mykje skuldast dugnadsarbeid på m.a. klokker og kyrkjetenar. Årsmeldingane nemner også namn på mange medarbeidarar som deltek.

Statistikken viser gjennomsnittleg frammøte på gudstenestene i Skjold kyrkje, på 156 og i Vikebygd kyrkje på 76. Trusopplæringsarbeidet har også god deltaking i begge bygder. Sokna går derfor med stor optimisme inn i denne fireårs perioden i tett samarbeid. Neste år blir årsmøtet i Vikebygd, lova leiaren.



Barnekoret song på guds-tenesta i Skjold.

## Synfaring på kyrkjene

Fellesrådet hadde møte den 8. februar og vedtok der synfaring på alle kyrkjene i Vindafjord, etter slik plan:

8. mars: Vikedal og Imsland, med fellesrådsmøte i Imsland

7. juni: Vats og Skjold, med fellesrådsmøte i Skjold kyrkje

25. oktober: Bjoa og Vikebygd, med fellesrådsmøte i Vikebygd

Seinare: Ølen og Sandeid.

Vidare drøfta rådet planar og tiltak (vedlikehald), mellombels gudstenesteforordnign Ølen, organisering av Kyrkjebladet Hyrdingen og orientering om kyrkjegardane.



# Misjonshelg på Kyrkjetynet

Finnøy Mannskor.

Av: Ole A. Aadland

Helga 29. – 31. januar hadde NMS ei «Misjonshelg» på Kyrkjetynet. Tilskipar var Ølen Mannsforeining – med god støtte av kvinneforeininga «Den gode del». Forkynnar Roar Vik heldt bibeltimar og tala over temaet «Løft høgt hans kross, den kross som Kristus ber» (med utgangspunkt i salme nr. 689 i NS). Forkynnaren dvelte ved krossen som eit fornendrings-teikn, for så å understreka krossen som sigers- og nådeteikn, eit teikn på Guds grenselause kjærleik.

Vidare vart det lagt inn over forsamlinga at denne Gud som har ofra alt for oss, har gitt oss eit stort oppdrag: å bera Jesu namn ut til våre medmenneske - ikkje minst til våre nye landsmenn. Vårt oppdrag er å så ut ordet - og så skal me få overlata veksten til Gud.

Mest folk samla «Misjonsselskapet» på laurdagskvelden med 85 frammøtte. M.a. kunne folk glede seg over vakker, frisk og ungdommeleg korsong ved Finnøy Mannskor. Under sin dirigent Guri Vignes skapte dei stor begeistring og entusiasme.

Eit anna høgdepunkt sto Einar Steensnæs for. I kåseriet om temaet «Kyrkje og misjon i lyset av arven frå 1814» fekk me m.a. høyra at norsk misjon hadde vore ein viktig aktør i demokratiseringsprosessen både her heime og i misjonslanda. Eit godt døme på det er at NMS gav kvinnene stemmerett alt i 1904, fleire år før dei fekk stemmerett til stortingsval.

Selskapsserveringa med rundstykke og salatar, kaffi og kaker hausta fagning og ein mini-basar mot slutten gjorde at NMS fekk ei solid pengeoverføring.

## Pizzakveld i Skjold kyrkje

Av Hanne H Brekke

Omlag 60 store og små var samla i Skjold kyrkje 27. februar, då Skjold søndagsskule inviterte til pizzakveld med andakt, leiker, pizza, is og popcorn.

Gunnbjørg Nesbu leia an kvelden, og Else Gurine Stople fanga merksenda til både store og små då ho levde seg inn i rolla som den blinde mannen som fekk synet att etter eit møte med Jesus. Ho fortalte om alle spørsmåla den blinde mannen fekk av andre menneske, etter at han fekk synet att. Han kunne ikkje svara på alle spørsmåla, men etter eit møte med Jesus fant han ut at han likevel kunne få seia: «eg trur».

Etter at andaktsdelen var over, organiserte Ingfrid Byrkja Hystad ve-



nekamp. Publikum i salen vart delte i to lag som konkurrerte mot kvarandre i ulike greiner. Dette fengta både store og små, som etter leiken gjekk inn i sidesalen for å eta pizza. Det

var også eit høgdepunkt når Kjetil Nesbu starta opp popcornmaskina.

Dette var ein vellykka kveld, der både vaksne og barn fekk vera sosiale, delta og kosa seg i lag.

# Godhet i praksis

Tekst: Gunhild Marie Osaland

**Kyrkjetunet og Vågen bedehus arrangerer Godhet 2016.**

**Datoane er: Fredag den 27. mai og laurdag den 28. mai**

Me har fått eit intervju med leiar for Godhetsdagen, Liv Herborg Wold. Her forklarer ho kva dette er, og bakgrunnen for Godhetsdagen.

Kvifor har de starta opp me godhetsdagar i Ølen og Vågen ?

Me hadde hørt at andre kyrkjelydar og forsamlingar har hatt godhetsdagar/veker som no er blitt organisert som som «Godhet Norge». Me prøvde med ein godhetsdag i fjar. Det var så vellykka at i år vil me ha 2 dagar. D.v.s. fredag ettermiddag og laurdag føremiddag.

Kven er det som kan få hjelp denne dagen?

Me har valt å prioritere eldre og sjuke som treng litt hjelp til å ordne i hage eller rydde/vaske i huset.

Kva kan de hjelpe folk med?

Me kan gjera forefallende arbeid i hage og rydde i garasje, innomhus kan me hjelpe til med husvask eller andre sysler. Dei som mottek godhet får ikkje lov til å betale for det. Dette er gratis.

Kor kan folk henvende seg dersom dei har noko dei treng hjelp med?

Dei må ta kontakt med underteikna. På telefon eller på e-post. Folk kan og gje beskjed visst dei har snakka



Liv Herborg Wold

med andre som treng hjelp. Når me har fått oversikt over folk som ønskjer hjelp, så prioritiserer me ut frå dei folka som har meldt seg på til å hjelpe. Alle skal få beskjed om dei får hjelp eller om me ikkje har kapasitet til å hjelpe denne gongen. Me håper at me kan sei ja til mange, men det avhenger av kor mange som vil vera med å hjelpa.

Kven er det som kan vera med å hjelpe denne dagen, og korleis er opplegget?

Alle kan vera med å hjelpe til. Små som store. Me tenkjer at barna kan vera med å rydde i hagen, pusse

sølvtepøy eller andre små oppgåver. Opplegget blir slik: Folk melder seg på og me spør kva dei kan bidra med. Og om dei kan vera med heile dagen eller deler av dagen. Oppdrag blir så tildelt i samarbeid med oss i leiargruppa. Dei får så beskjed om kor dei skal kjøre for å utføre oppdraget.

Me blir stasjonert på Kyrkjetunet. Folk møter der for å registrere seg og for å betale for å vera med og for å bli eigar av ei godhets T-skjorte. Det blir ein makspris for familiar. Så kjører folk gruppevis ut til dei som skal motta hjelp. Registreringa starter kl. 16.00 på fredagen og kl. 10.00 på laurdagen. Ei gruppe skal sørge for at det blir kjørt ut mat og drikke til dei som jobbar. For «utan mat og drikke, duger heltene ikkje» ! Me trur at dette blir ein annleis og begivenhetsrik dag for alle som utøver godhet og for dei som mottek godhet.

Liv Herborg Wold, leiar i Godhet Ølen, gler seg til å sjå nestekjærleik i praksis fredag 27. mai og laurdag 28. mai når Godhetsdagane vert arrangert i Ølen og Ølensvåg. Les meir på [www.Kyrkjetunet.no](http://www.Kyrkjetunet.no) eller på facebooksideine til Kyrkjetunet og Vågen bedehus.

Mottoet vårt er: «Små ting gjort i kjærleik vil endre verda»

Og dette vil me vera med på!

## Kontakt:

Liv Herborg Wold. Tlf 98 88 55 60

E-post: [livhwold@gmail.com](mailto:livhwold@gmail.com)

Frist for påmelding:

måndag den 18. mai

## Nye i redaksjonen

Av Steinar Skartland, redaktør

**Kyrkjebladet Hyrdingen har fått to nye medarbeidarar denne vinteren.**

Det er Hanne Haraldseid Brekke, 33 år og trebarns-mor frå Skjold. Til vanleg er ho tilsett som rådgjevar for Sjøfartsdirektoratet i Haugesund. I tillegg til juridisk utdanning så har ho 1-års studium med sjelesorg frå

høgskulen Diakonova. Den ferskaste medarbeidaren er Øyvind Jønsson som bur på Kårhus i Nedre Vats. – Som student var eg lokal kontakt for avis Strilen i Nord-Hordland og skreiv referat frå kommunestyremøta i Meland, fortel Øyvind som er nå 69 år og pensjonist. Bak seg har han mange år som lektor på Ølen VGS og frå 2004, som lærar på Lundeneset VGS. Vi ynskjer begge lukke til i arbeidet med kyrkjebladet Hyrdingen.



Hanne H. Brekke



Øyvind Jønsson

# KONFIRMANTAR 2016



## VIKEDAL KYRKJE

24. APRIL KL.11

MALENE ASTRHEIM  
TOMINE HUNDSEID DAHLBERG  
ANDREA OPSAL  
SARA HAUGAN HELLAND  
KRISTIAN ANDREASSEN  
NIKOLAI ANDREASSEN  
REIDAR ASTRHEIM  
SANDER SÆVAREID ESPEVOLL  
SONDRE LYGRE GRIMAAS  
VEGARD GRIMÅS  
OSKAR HELGESEN  
JØRGEN VÅG SKJOLD  
SIMON AAREKOL

## IMSLAND KYRKJE

1. MAI KL.11

MERETE IMSLAND BIRKELAND  
SOFIA HUSTVEIT  
NINA RØNNEVIK  
EIVIND LANGELAND  
OSKAR MARVIK  
EMIL HAUGLAND RØNNEVIK

## SANDEID KYRKJE

8. MAI KL. 11

MATHILDE GRYTE  
IDA HÅRDE  
ALETTE MATTINGSDAL  
KRISTIN HUSTOFT SKEIE  
NINA STOLE  
FRIDA LOUISE SØNDENÅ  
HELENE ØRNES  
HÅKON BAKKEDAL  
SONDRE HAMRE HELGEVOLD  
ÅDNE KAMBE  
ERLEND MATRE  
ANBJØRN EILERTSEN STOLE  
TORE SKAAR TORESEN

## ØLEN KYRKJE

23. APRIL KL. 11

ALIDA HÅLAND  
AMALIE FEDOROVA RIIS  
ANDREAS SORTEBERG VIK  
DANIEL NIDOY BREKKE  
DANIEL NESSE KVINNESLAND  
GURO BERGE  
JAKUB KAMIL BRYCZKOWSKI  
JOHANNES BASTLIEN  
KNUT ESKELAND LANGHELLE  
MATIAS BERGE  
MAY-LINN BERGE  
NORA BERGE  
OLA UR HAUGEN

SARA KNUTSEN  
SOFIE VINJERUI BERGE  
SONDRE ÅSHEIM  
TOR ANDRÉ HARDELAND BERGE  
VICTORIA EIKESDAL

## ØLEN KYRKJE

24. APRIL KL. 11

BENJAMIN LANDRO  
BJARTE LØNNING HAALAND  
CELINA GRØNSTAD  
EMMA OVERGAARD HEGGEBØ  
FRIDA HUNDHAMMER  
GUSTAV STOLE  
HANNA BERGE  
JOACHIM ØSTERÅS LOTHE  
JOAKIM HOLE  
JONAS TVEDT ANDERSEN  
MADELEINE MATRE HAGEN  
MARTINE NÆRLAND SLÅTTELID  
OLE JØRGEN MADSEN  
RAGNHILD AAREKOL  
TOBIAS GRINDHEIM JOHANSEN  
TUVA HUNDHAMMER

## BJOA

30. APRIL KL. 11

BENJAMIN ASKELAND KRUNENES  
ERLEND SØRÅS GENBERG  
MARK DANIEL GRANBERG  
REBEKKA ASKELAND KRUNENES

## ANNA KYRKJE

DANIEL OPHEIM

## VATS KYRKJE

30. APRIL KL. 11

JARLE KRAKK  
BENTE KRISTIN EIKANES  
JOAKIM RØYSLAND DØVIK  
HANNA GUNDERSEN  
LARS AUDUN FATLAND  
JONATAN SANDANE UTBJO  
ANDREA EIKE  
MARTIN HOGNALAND  
LENA ESPESSET LITTLEHAMAR  
BERIT KAROLINE ARNESEN  
ØKLAND

## VIKEBYGD

8. MAI KL. 11

VICTORIA VEASTAD  
BIRGE NAGEL-ALNE  
ROBERT GAUSVIK  
BENJAMIN LARSEN JORDAN

JOHANNES HELGESEN  
MARITA BERENTSEN TROVÅG  
PETTER LEGØY ÅRVIK  
MARIUS RØDDE  
TONJE HAUSBERG BJERGA  
HELENE OLSEN  
JOAKIM KOLTVEIT  
TOBIAS STORESUND SÆTRE

## SKJOLD KYRKJE

23. APRIL KL. 11

VILDE EVJEN KALLEVIK  
ANDREAS FRØYLAND  
KRISTIAN NESHEIM BAKKE  
HÅKON EIKEN  
TRULS EIKEN  
EMMA TJELMELAND HUSTOFT  
HEDDA HARALDSEID  
TONJE KRAKK  
THOMAS HUSTVEDT

## SKJOLD KYRKJE

24. APRIL KL. 11

BRYNHILD WANNBERG  
TOR MARTIN STOLE  
JØRGEN MARKHUS  
TOBIAS HAUGEN MOE  
DANIEL KNUTSEN  
SILJE VERONIKA ALENDAL  
KAJA TANGEN  
VILJAR OHM BØRRETZEN  
HARALD FOSEN GRUNNALEITE



# Kyrkjelege høgtider:

## Påske



Av Steinar Skartland  
Kjelde: kirkeaktuelt.no

Påsken er saman med jula den mest sentrale av dei kristne høgtidene, og vert feira til minne om Jesu Kristi lidning, død og oppstode. Forut for påsken vert fastetida og den stille veka markert. Etter påskesøndag (1. påskedag) kjem påsketida, som varer fram til pinse. Ordet påske er ei forvanskning av namnet på den jødiske høgtida pesach. Jødane har feira påske lengre enn dei kristne; dei feira utvandringa frå fangenskapet i Egypt.

Kyrkjemøtet i Nikea år 325 bestemte at påskedag skulle vera første søndag etter første fullmåne etter vårjamdøger, noko Den norske kyrkja også held seg til framleis. Datoen varierer dermed innanfor perioden 22. mars til 25. april.

### Dagane i påskeveka

**Palmesøndag** er i kristen tradisjon feiringa av Jesu inntog i Jerusalem. Dette skjer søndagen før krossfestinga langfredag. Namnet kjem av forteljinga i bibelen om at folk strødde palmegreiner føre Jesus då han reid

inn i byen. I den lutherske kyrkja i Noreg, er den liturgiske fargen lilla, slik også for skjærtorsdag og langfredag.

**Skjærtorsdag** er ein heilagdag som vert feira siste torsdag før påske. Ordet betyr «reinsingstorsdag», og kjem av norrønt skíra, «reinse» (skjær = rein). Denne dagen markerer dei kristne Jesu siste måltid med disiplane før krossfestinga. Dermed vart dette innføringa av nattverden. I liturgien er det vanleg å ha med fotvask, til minne om at Jesus vasket disiplane sine føter før måltidet.

**Langfredag** markerer i kristen tradisjon dagen då Jesus Kristus døyde på krossen, fredag før påskedag. Namnet kjem av at det var Jesu lengste dag. Mange kyrkjer markerer denne dagen ved ikkje å ha pynt på alteret og ikkje brukta musikkinstrument under gudstenesta.

**Påskedag** er feiringa av Kristi oppstode. Påskedagen er den dagen som forklarer heile kristentrua. Sjølv disiplane forstod ikkje heile Jesus sin bodskap før på påskedag og dagane etter. Dei første som fekk sjå Jesus levande, var kvinnene, og Maria Magdalena møtte Jesus i hagen.

**Dikt: Haldis Totland Reigstad**  
**Kunst: Odd Dubland**

Heilag er eg  
Heilag er eg, rein for Gud,  
utan flekk og lyte.  
Livet mitt har Jesus fått,  
eg fekk hans i byte.  
Gud er god,  
Jesu blod  
renn i mine årer no.

Jesus kjøpte meg til Gud,  
løyste syndebanda.  
Alle mine tomme kar  
fyller han til randa.  
Gud er god,  
Jesu blod  
renn i mine årer no.

Helga til eit heilagt liv,  
kledd i himmeldrakta.  
Ingenting kan riva meg  
ut av nådepakta.  
Gud er god,  
Jesu blod  
renn i mine årer no.

# Sandeid sokneråd, der alle er nye

Av Steinar Skartland

**Dei har berre nokre månader med erfaring frå soknerådsarbeidet. Ved valet i haust vart det full utskifting av soknerådet i Sandeid. Leiaren, som nyss er flytta heim, er den mest erfarne.**

Tore Tokheim er oppvaksen i Sandeid, men busette seg i Øystese i Hardanger i mange år. Her vart han også med i soknerådet lokalt. For halvt anna år sidan flytte han heim igjen til Sandeid der han hamna på valliste ved kyrkjevalet.

- Alle medlemene i soknerådet er nye denne gongen, fortel Tore Tokheim.

- Det viktigaste for oss nå er å bli kjende med arbeidet. Kari Vik Stuhaug var med i sist møte og fortalte om FUT (Fellesutvalet for trusopplæring) og kva forventningar det er til dei som set i soknerådet. Kyrkja sitt trusopplæringsarbeid er viktig. Her er ikkje så mykje anna for barn og ungdom, men KRIK har starta opp arbeid her for dei som er i konfirmantalderen. Elles så er det ein del ungdommar som reiser til Vikedal på ungdomsklubben der, seier Tore. - Soknerådet støttar opp om dette.



Hjørdis Tesdal Berg, Leikny Stople, Harald Eintveit, Tore Tokheim, Andreas Jansen, Inger Sofie Meling, Johan Georg Vestbø og Rune Vestbø.

Han fortel vidare at i Sandeid så er det dei same som går i bedehus som i kyrkja. Her kunne nok vore fleire som deltok, men frammøtet er nokså jamt.

Soknerådet hadde møte i banken om kvelden første mars, og høvet baud seg til både ein prat og fotografering. Men kva ser soknerådsmedlemene som det viktigaste framover. Kva visjon har dei? På det spørsmålet kom svara tett frå dei alle:

- Vi vil jobba for at fleire skal koma til kyrkja! Vi må bli meir attraktive. Gudstenestene må vera prega av folkelegheit og letttheit.

- Og vi må få kanon for å visa salmane på veggen, seier Johan Georg Vestbø. Han møter i fellesrådet for kyrkjene og tok opp spørsmålet der også. – Vi hadde eit flott «Syng jula inn-arrangement» før jul, nemner han. Her kom mange og det var kjekt å syngja.

Sokneprest Harald Eintveit, seier seg samd i dette. Han møter fast i soknerådsmøta i Sandeid. I påsken brukar han å ha friluftsgudsteneste oppe på Fjellstøl. Det skal han ha også i år, på Palmesøndag, den 20. mars klokka 12:00. Då vonar vi mange tek turen opp til hytta ved lysløypa.

## Christian Stejskal i Vikebygd kyrkje

Multimedia forestillinga "Mitt Nabolag" frå søppelbyen i Kairo, Egypt

Skjold kyrkjelyd og Vikebygd kyrkjelyd har sidan 2013 - 14, kvar for seg hatt samarbeidsavtalar med Stefanusalliansen om innsamling til Stefanusbarna.

Føremålet er i avtalane nemnd som; informasjon, forbøn og gjevarateneste.

Stefanusalliansen (tidlegare Norsk Misjon i Aust) har på det jamne motteke to offer årleg frå kvar kyrkjelyd, offer som går under nemninga "misjonsprosjektet". Her blir samla inn midlar som brukast til å betre kåra for dei koptisk kristne som lever på søppelfyllingane ved Kairo, Egypt.

S-alliansen pliktar sende ut informasjon om aktuelle forbønsemne gjennom nyheitsbrev og magasinet Stefanus. Noko informasjon er spreidd, men prosjektet er lite kjend for folk flest.

Kulturutvalet, Skjold & Vikebygd Sokneråd inviterer til eit arrangement av allmenn interesse, men særleg for våre kyrkjelydar som har misjonsprosjekta retta mot denne folkegruppa.

Vikebygd kyrkje onsdag, den 6.april kl. 1930.

Christian Stejskal, er ein norsk fiolinist, fotograf og historieforteljar med base i Kairo i Egypt.

I Multimedia forestillinga «Mitt Nabolag» fortel han om ei pilegrimsferd til fots og livet hans blant Zabaleenrane, Kairos uoffisielle kristne søppelarbeidarar. Han budde saman med dei koptisk kristne, samstundes som han levnærte seg som fiolinist ved operaen i Kairo. Han fortel om sju menneskeskjebrar frå Søppelbyen, samtidig som han viser fotografi og spelar arabisk musikk og koptiske songar på fiolin. Førestillinga varer ca 90 minutt.

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl. Kyrkje	Info
<b>20. mars</b> Palmesøndag Joh 12,1-13	12.00 Fjellstøl 11.00 Vats	Fjellgudst. Takkoffer til diakoniarb. Kyrkjekaffi. Ta med niste! Nattverd. Takkoffer til Norsk Gideon.
<b>24. mars</b> Skjærtorsdag Joh 13, 1-17	19.00 Sandeid 19.00 Ølen 19.00 Skjold	Høgmesse. Nattv. Takkoffer til diakoniarbeidet. Nattverd. Takkoffer: Karmsund og Shl søndagsskulekrets Nattverd. Takkoffer til Misjonsalliansen.
<b>25. mars</b> Langfredag Mark 14,26-15,37	11.00 Vikedal 11.00 Vats 13.00 Røde Kors hytta	Pasjonsgudst. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp Takkoffer til Stefanusalliansen. Sportsandakt.
<b>27. mars</b> Påskedag Joh 20,1-10	11.00 Sandeid 11.00 Ølen 11.00 Skjold 17.00 Imsland 17.00 Bjoa 17.00 Vikebygd	Høgtidsgudst. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Dåp og nattverd. Takkoffer Acta - barn og unge i Normisjon Nattverd. Takkoffer til Sjømannskirken Høgtidsgudst. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Frelsesarmeen. Nattverd Takkoffer: Misjonshøgskolen Nattverd. Takkoffer til Misjonsalliansen
<b>3. april</b> 2.søndag i påsketida 1 Pet 1,3-9	11.00 Eintveit, Åkrafjorden 17.00 Vats	Fam.gudst. Takkoffer til konfirmantarbeidet. Nattverd. Takkoffer til Evangeliesenteret.
<b>10. april</b> 3.søndag i påsketida Mark 6,30-44	11.00 Imsland 17.00 Skjold 18.00 Ølen	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Bymisjon, Haugesund. G 17. Nattverd. Takkoffer til G 17-arbeidet. Ung messe. Konfirmantane tek del. Takkoffer. Bibelselskapet, bibelmisjon.
<b>15. april</b> Ef 2,1-10	18.00 Skjold	Samtalegudst. Takkoffer til Feedback.
<b>17. april</b> 4.søndag i påsketida Joh 14,1-11	11.00 Vats 16.00 Sandeid 17.00 Vikebygd	Nattverd. Takkoffer til Kirkens Bymisjon. Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Normisjon. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet.
<b>20. april</b>	18.00 Vikedal	Samtalegudsteneste. Festsamvere etterpå.
<b>23. april</b> Rom 15,1-7	11.00 Skjold 11.00 Ølen	Konfirmasjon. Takkoffer til Barne og ungdomsarbeidet i Skjold. Konfirmasjon. Takkoffer. Trusopplæring Vindafjord
<b>24. april</b> 5.søndag i påsketida Joh 17,6-11	11.00 Vikedal 11.00 Ølen 11.00 Skjold	Konfirmasjonsgudst.. Takkoffer til konf. arbeidet. Konfirmasjon. Takkoffer. Kyrkjelyden sitt diakoniarbeid Konfirmasjon. Takkoffer til B&U-arb i kyrkjelyden
<b>26. april</b>	19.00 Imsland 18.00 Vats	Samtalegudst. Festsamvere etterpå. Samtalegudst.
<b>29. april</b> Luk 11,5-13	18.00 Vikebygd	Samtalegudst. Takkoffer til Feedback.
<b>30. april</b> Apg 16,25-40	11.00 Bjoa 11.00 Vats	Konfirmasjon. Takkoffer: Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt Konfirmasjon. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.



Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 2. juni.  
Frist for levering av stoff er 7. mai.

<b>1. mai</b> 6.søndag i påsketida Matt 6,7-13	11.00 Imsland	Konfirmasjonsgudst. Takkoffer til konf. arbeidet.
<b>3.mai</b>	18.00 Sandeid	Samtalegudst. Festsamvere etterpå.
<b>5. mai</b> Kristi himmelfartsdag Joh 17,1-5	12.00 Imsland	Fam.messe. Nattverd. Takkoffer til NMS.
<b>8. mai</b> Søndag før pinse Joh 16,12-15	11.00 Sandeid 11.00 Vikebygd	Konfirmasjonsgudst. Takkoffer til konf.arbeidet. Konfirmasjon. Takkoffer.
<b>15. mai</b> Bibelskapet. Pinsedag Joh 14,23-29	11.00 Vikedal 11.00 Ølen 11.00 Skjold	Høgtidsgudst. Nattverd. Takkoffer til Det norske Nattverd. Takkoffer: Utstein pilegrimsborg Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet.
<b>17. mai</b> Grunnlovsdagen Luk 17,11-19	10.00 Bjoa 10.00 Vats 10.00 Vikebygd 11.00 Imsland 11.00 Sandeid 11.30 Ølen 11.30 Skjold 12.30 Vikedal	Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet Takkoffer til Misjonsprosjektet. Takkoffer til Kirkens Bymisjon. Lekmannsgudst.Takkoffer til Redd Barna Festgudst. Takkoffer til Redd Barna. Takkoffer: Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt Takkoffer til trusopl. i Vindafjord. Festgudst. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
<b>20. mai</b> Matt 28,16-20	20.30 Lundeneset	Ungdomsgudsteneste. Nattverd. Lovsongsteam Takkoffer: LVS-russen sitt misjonsprosjekt.
<b>22. mai</b> Treeiningssøndag Luk 24,45-48	11.00 Vikedal 17.00 Vats	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til NMS. Nattverd. Takkoffer til Nytt soknehus,
<b>29. mai</b> 2.søndag i treeiningstida Joh 3,1-13	11.00 Sandeid 17.00 Skjold	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Norsk kyrkje i utlandet. G 17. Nattverd. Takkoffer til Israelsmisjonen.

**“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast”** (Hebr. 10,25)

## FRÅ KYRKJEBOKA

### IMSLAND

#### Døde:

30.01. Oliv Maud Hustveit f. 1926  
17.02. Kasper Hustveit f. 1921

### VIKEDAL

#### Døpte:

10.01. Aleksandra Sigmundsta

#### Døde:

10.02. Dagny Østerhus f. 1925  
14.02. Ingar Utaaker f. 1986

### SANDEID

#### Døpte:

07.02. Thea Langelid

#### Døde:

10.01. Valdemar Lillehammer f. 1921  
05.02. Ola Øverland f. 1924

### SKJOLD

#### Døpte:

17.01. Astrid Langeland  
17.01. Ingrid Kornelia Eide Knutsen  
17.01. Synnøve Jæger Tveit  
14.02. Aria Martina Skrede Frøyland  
28.02. Sivert Tyssebotn Svendsbøe  
28.02. Emilie Knutsen Frøyland

#### Døde:

28.01. Cecilie Mortveit f. 1921  
01.02. Rolf Skjold f. 1954  
17.02. Judith Tomine Sjurseike f. 1926  
17.02. Leif-Sigurd Skjold f. 1955

### VATS

#### Døpte:

24.01. Fredrik Gundersen

### Døde:

19.01. Ådne Spartveit f. 1929  
14.02. Marie Fløysvik f. 1924

### VIKEBYGD

#### Døpte:

21.02. Victoria Kvamme-Eikeland

#### Døde:

07.01. Harry Inge Tindeland f. 1950

### ØLEN

#### Døpte:

28.02. Sebastian Tysnes

28.02. Runar Mæland

**Døde:** 09.02. Alf Ivesdal f. 1939

### BJOA

**Døde:** 15.01. Susanne Omdal f. 1956

# ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til  
Lundeneset

## Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)



Vier en del av NLMVGS



LUNDENESET VGS



NLMVGS



LUNDENESET VGS



LUNDENESET VGS



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

## Basar på Kårhus bedehus

Onsdag 4. mai kl. 19:00

Andakt: Inger Johanne Stangeland

Sang ved Vats miniklang. Mat og kaffi.

Alle velkommen. Krakk og Nesheim kv. for.

## VATS PENSJONIST forening

Møte i kjellarstova på Vindafjord hallen kl. 17.00-19.30.

Tirsdag 29.mars Kåsør Jone Hatteland. Skjold pensjonistf.  
er invitert. Tirsdag 26. april Kåsør Hartvig Våge

## Vår-basar for nytt bedehus / soknehus

Laurdag 16. april kl. 13:00 på Vats skule

Andakt og song. Lodd- og åresal.

Kafé med graut og god kaffimat.

Sal av potatkaker, lefser og nordlandskaker.

**Imsland sokneråd** takker for gåva til Imsland Kyrkje  
på 5.615 kr i samband med Ingebjørg Hustveit si gravfer

## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller  
ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå  
har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei,  
eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • [www.olenserter.no](#)



## Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

## SELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:  
93 21 66 79 / 52 75 88 60



## Vats bedehus /soknehus-foreining

Tusen takk til dei som har vore gjevarar i 2015 og  
tidlegare, og som framleis er med! Så har det komme  
endå fleire til nå i 2016 og det er me svært takksame  
for! Ynskjer du å støtte prosjektet med nytt hus, er  
konto.nr: 3330 24 11242, og ynskjer du skattefrådrag,  
så gir du via soknerådet sin konto: 3240 18 24234.  
Hugs då å merka gåva med Vats bedehus/soknehus.  
Velkommen til Vårbasaren 16. april.

## CHRISTIAN STEJSKAL spelar

Multimedia forestillinga "Mitt Nabolag" frå søppelbyen  
i Kairo, Egypt. **Vikebygd kyrkje** onsdag, den 6. april  
2016, kl. 19:30. Inngangspengar /kollekt (overskotet  
går til misjonsprosjektet) Kulturutvalet, Skjold &  
Vikebygd Sokneråd.

# MØTER OG KUNNGJERINGER

## Vågen bedehus

20.3. Søndag	19:30 Søndagsmøte Talar: Rolf Hauge
20.3. Søndag	11:00 Søndagsskule
23.3. Onsdag	19:30 Bønnemøte
24.3. Torsdag	11:00 Nattverdmøte Talar: Anne L. Flatebø
27.3. Søndag	11:00 Høgtidsmøte, NLM Talar: Karl E. Tvedt
29.3. Tirsdag	19:30 Basar, NLM Talar: John M. Høyvik
30.3. Onsdag	19:30 Møte, IMS Talar: Tor Ingvald Lauvraq
31.3. Torsdag	19:30 Møte, IMS Talar: Tor Ingvald Lauvraq
1.4. Fredag	19:30 Møte, IMS Talar: Tor Ingvald Lauvraq
2.4. Lørdag	18:00 Generasjonssamling, IMS T: Lauvraq
3.4. Søndag	19:30 Møte, IMS Talar: Tor Ingvald Lauvraq
3.4. Søndag	11:00 Søndagsskule
5.4. Tirsdag	18:00 Yngres
6.4. Onsdag	19:30 Bønnemøte
9.4. Lørdag	20:00 Loftet
10.4. Søndag	19:30 Søndagsmøte, NLM Talar: Eirik Løland
11.4. Mandag	20:00 Laget
11.4. Mandag	17:00 Dugnad på bedehuset
13.4. Onsdag	19:30 Bønnemøte
17.4. Søndag	16:00 Søndagskaffi med andakt for barna
17.4. Søndag	11:00 Søndagsskule
19.4. Tirsdag	18:00 Yngres
20.4. Onsdag	19:30 Bønnemøte
21.4. Torsdag	19:30 Inspirasjonsmøte Godhet, Stad: Kyrkjekjøtunet (Ølen). Talar: Steve Bruns (IMI)
23.4. Lørdag	11:00 Konfirmasjonsmøte, NLM. Stad: Lundeneset. Talar: Torleiv Åreskjold
24.4. Søndag	19:30 Søndagsmøte, Samemisjonen
25.4. Mandag	20:00 Laget
27.4. Onsdag	19:30 Bønnemøte
1.5. Søndag	19:30 Musikkmøte m/ Sveinung Andersen
1.5. Søndag	11:00 Søndagsskule
3.5. Tirsdag	18:00 Yngres
4.5. Onsdag	19:30 Bønnemøte
5.5. Torsdag	11:00 Høgtidsmøte
7.5. Lørdag	20:00 Loftet
9.5. Mandag	20:00 Laget
11.5. Onsdag	19:30 Bønnemøte
15.5. Søndag	19:30 Høgtidsmøte Talar: Preben Solvang
15.5. Søndag	11:00 Søndagsskule
16.5. Mandag	20:00 Loftet
17.5. Tirsdag	17. mai-fest, Lundeneset Lundeneset
18.5. Onsdag	19:30 Bønnemøte
22.5. Søndag	11:00 Søndagsmøte, NLM Talar: Preben Solvang
25.5. Onsdag	19:30 Bønnemøte
27.5. Fredag	Godhetsarrangement
28.5. Lørdag	20:00 Loftet
28.5. Lørdag	Godhetsarrangement
29.5. Søndag	19:30 Søndagsmøte, Normisjon
31.5. Tirsdag	18:00 Yngres
1.6. Onsdag	19:30 Bønnemøte

## Kyrkjekjøtunet, Ølen

17.3. Torsdag	Misjonsprosjektet v/Gunnar Hamnøy
18.3. Fredag	19:00 Møte v/Finn Arne Lauvås
22.3. Tirsdag	17:00 Korøving Kids of Joy
30.3. Onsdag	17:30 Samling for invandrarar
31.3. Torsdag	19:30 Temasamling v/Arnt Magne Granberg
1.4. Fredag	18:00-19:30 Klubb
3.4. Søndag	17:00 «Showit»
5.4. Tirsdag	17:00 Korøving Kids of Joy
6.4. Onsdag	17:30 Samling for invandrarar
7.4. Torsdag	11:00 Torsdagstreff
8.-10.4. Fredag-Søn.	19:30 Møtehelg. Leif Johnny Johansen
10.4. Søndag	11:00 Avslutningsmøte Bønnehelg Leif Johnny Johansen
13.4. Onsdag	17:30 Samling for invandrarar
16.4. Lørdag	10:00 - 16.00 Vårdugnad
17.4. Søndag	17:00 Søndagsmøte v/Gideon
20.4. Tirsdag	17:00 Korøving Kids of Joy
20.4. Onsdag	17:30 Samling for invandrarar

21.4. Torsdag	19:30 Inspirasjonsamling GODHET v/Steve Bruns
22.4. Fredag	19:30 Bønne- og Lovsangskveld. Besøk av Theisen
27.4. Onsdag	17:30 Samling for invandrarar
28.4. Torsdag	19:00 Mannsforum
29.4. Fredag	18:00 Vårbasar
4.5. Onsdag	17:30 Samling for invandrarar
11.5. Onsdag	17:30 Samling for invandrarar
12.5. Torsdag	11:00 Torsdagstreff
18.5. Onsdag	17:30 Samling for invandrarar
20.5. Fredag	19:30 Bønne- og Lovsangskveld. Fellesskap på tvers.
25.5. Onsdag	17:30 Samling for invandrarar
27.-28.5. Fredag-Lørdag	GODHETSDAGER
31.5. Tirsdag	16:00 Vårfest for eldre
1.6. Onsdag	17:30 Samling for invandrarar
2.6. Torsdag	11:00 Torsdagstreff.
17.6. Fredag	19:30 Bønne- og Lovsangskveld. Fellesskap på tvers.

## Bedehusa i Vats

23.3. Onsdag	19:30 Vats kyrkje, Via Dolorosa
30.3. Onsdag	19:30 Øvre Vats bedehus, Normisjon
6.4. Onsdag	19:30 Blikrabygda NLM
13.4. Onsdag	19:30 Kårhus bedehus NMS
20.4. Onsdag	19:30 Øvre Vats bedehus, Flymisjonen
27.4. Onsdag	19:30 Blikrabygda Samemisjonen
5.5. Onsdag	19:30 Øvre Vats bedehus, NLM Kr.Himmelfd.
11.5. Onsdag	19:30 Kårhus NLM
18.5. Onsdag	19:30 Øvre Vats NLM
25.5. Onsdag	19:30 Blikrabygda Normisjon

## Innbjoa bedehus

18.3. Fredag	17:30 Credo 5.-9. klasse på Bjoa skule
6.4. Onsdag	19:30 Ondagsmøte. Birger Wrolfson
15.4. Fredag	17:30 Credo 5.-9. klasse på Bjoa skule
22.4. Fredag	18:30 Basar Innbjøa bedehus
4.5. Onsdag	19:30 Ondagsmøte. Bønn 19:00
20.5. Fredag	17:30 Credo 5.-9. klasse på Bjoa skule
22.5. Søndag	Møte "ute i det fri"
1.6. Onsdag	19:30 Ondagsmøte, Gideon. Bønn 19:00
10.6. Fredag	17:30 Credo 5.-9. klasse på Bjoa skule
23.6. Torsdag	St.Hans-feiring på Brandøy

## Bedehusa i Skjold

29.3. Tysdag	Austrheim. Kr. Muslimmisjon
5.4. Tysdag	Isvik. Indre Sjømannsmisjon
12.4. Tysdag	Ersland. NMS Misjonsselskap
19.4. Tysdag	Austrheim. NLM Misjonssamband
26.4. Tysdag	Isvik. Flymisjonen
3.5. Tysdag	Ersland. Opne Dører
10.5. Tysdag	Austrheim. Norsk Gideon
24.5. Tysdag	Isvik. Normisjon
31.5. Tysdag	Ersland. Samemisjonen

## Vikebygd bedehus

18.3. Fredag	19:00 Årsmøte / basar for bedehuset. Ingfrid Byrkja Hystad andakt.
19.3. Laurdag	15:30 Laurdagsklubb for born 4-12 år, Påskeverkstad
2.4. Laurdag	15:30 Laurdagsklubb for born 4-12 år
14.4. Torsdag	19:30 Møte
16.4. Laurdag	15:30 Laurdagsklubb for born 4-12 år
28.4. Torsdag	19:30 Møte
12.5. Torsdag	19:30 Møte. Aud V. Hoftun frå Normisjon
26.5. Torsdag	19:30 Gladsong
2.6. Onsdag	Fellesmøte på Bjoa
9.6. Torsdag	19:30 Møte. Jon Magnus Høyvik kjem frå NLM og LVS

## Bedehuskjellaren i Vikedal

31.3. Torsdag	18:00 Klubbkveld 5.-7. klasse
1.4. Fredag	19:00 Klubbkveld 8.-10. klasse



# BARNAS SIDE



## Fargelegg!

Læresveinane kasta ut garnet der Jesus sa, og fekk så mykje fisk at båten nesten sokk!



## Bibel-quiz



Kor godt kan du bibelforteljingane?  
Test deg sjølv med desse spørsmåla.  
(Svara står opp ned nedst på sida.)

1. Kva heitte kona til Abraham?
2. Kva heitte broren til Moses?
3. Kva heitte kjempa som David sloss mot?
4. Kven var det som blei kasta i ein brønn og seld som slave av brørne sine?

5. Kva heitte gjetarguten som blei konge over Israel?
6. Kva heitte mora til døyparen Johannes?
7. Kva by vaks Jesus opp i?
8. Var læresveinane Peter og Andreas snikkarar eller fiskarar?
9. Kven sa «Eg er den gode gjetaren»?
10. Kven er faren til Jesus?

1. Sara. 2. Aron. 3. Goliac. 4. Josef. 5. David. 6. Elisabet. 7. Nasaret. 8. Fiskarar. 9. Jesus. 10. Gud.

Abonnér på barnebladet

# BARNAS

**16 blader + 1 CD  
= berre 399,-**

(privatabonnement  
heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



**Bibelteikneseriar  
og gøyale aktivitetar!**

**Perfekt som  
faddergåve!**